



adresseliste

## Grensejustering i Stranda kommune - høyring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), blitt beden om å utgreia konsekvensar for ei grensejustering av Liabygda grunnkrins. Utgreiinga gjeld ei eventuell grensejustering for Liabygda i Stranda kommune til nye Fjord kommune. Oppdraget må sjåast i samband med kommunereforma og med bakgrunn i inndelingslova.

Fylkesmannen har gjennomført oppstartsmøte med representant frå Liabygda og representantar for Stranda kommune og fellesnemnda i nye Fjord kommune den 03.11. 2017. I dette møtet gjekk fylkesmannen gjennom saksgongen i utgreiingsarbeidet og milepælsplan med fristar.

Fylkesmannen har samla inn fakta om Liabygda i Stranda kommune frå mellom anna Møre og Romsdal fylkeskommune og SSB. Fylkesmannen har bedt Stranda kommune om å supplere faktagrunnlaget etter ei sjekklister. Fellesnemnda i nye Fjord kommune blei også spurt om supplering av faktagrunnlag. Vi har motteke innspel frå fellesnemnda i nye Fjord kommune.

På vegne av Fylkesmannen har Opinion AS i tidsrommet 15.01-30.01.2018 gjennomført ei innbyggjarhøyring i form av telefonundersøking for innbyggjarane i Liabygda. Vi har i dag motteke resultatet frå innbyggjarhøyringa.

### Fylkesmannen ber om følgjande vurdering frå Stranda kommunestyre

1. Kva konsekvensar vil det gi for Stranda kommune at Liabygda blir ført over til nye Fjord kommune.
2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarhøyringa.

### Fylkesmannen ber i tillegg om uttale frå følgjande høyringspartar

1. **Fellesnemnda i nye Fjord kommune** gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av Liabygda over til nye Fjord kommune.
2. **Møre og Romsdal fylkeskommune** uttalar seg til ei eventuell grensejustering av Liabygda sett ut i frå eit regionalt perspektiv.
3. **Kartverket** vurderer om grensene som går fram av grunnkrinsen har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense.

Frist for uttale er sett til **torsdag 1. mars 2018** og sendast til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no).

Sluttmøte for representant for Liabygda, representantar frå Stranda kommune og nye Fjord kommune er sett til:

**Stad: Molde, Fylkeshuset**

**Dato: 21.03. 2018**

**Tid: kl. 14.30 til 16.00**

Fylkesmannen gjer si vurdering og tilråding på bakgrunn av all informasjon som er motteke i saka. I følgje milepælsplana skal fylkesmannen sende tilrådinga til KMD **23. mars 2018**. Fylkesmannen vil same dag halde pressekonferanse om si tilråding.

**MERK: Relevante vedlegg til saka er samanfatta i eit vedlegg. Sjå vedleggsoversikt nedanfor.**

Med helsing

Rigmor Brøste  
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

Kopi:

Kjell Martin Ringset    Mehaugen 18    6212    LIABYGDA

**Adresseliste:**

- Stranda kommune
- Fellesnemnda i nye Fjord kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Kartverket

**Oversikt over vedlegg til saka:**

1. Brev om vidare arbeid med grenseendringar frå KMD til Fylkesmannen, 09.05. 2017
2. E-post frå Fylkesmannen til KMD av 04.09. 2017
3. Oppdragsbrev frå KMD til Fylkesmannen, 28.09. 2017
4. Utsending av faktagrunnlag med sjekklister, brev frå Fylkesmannen, 21.11. 2017
5. Oppdatert faktagrunnlag; reiseavstandar, 17.11. 2017
6. Oppdatert faktagrunnlag frå SSB; pendlarstatistikk, 06.02. 2018
7. Innspel frå fellesnemnda i nye Fjord kommune, 13.12. 2017
8. Infoskriv om innbyggjarhøyring, 21.12. 2017
9. Rapport innbyggjarhøyring, 06.02. 2018